

FULL STØTTE TIL DEI STREIKANDE

ALNOR ARBEIDARANE

Dei streikande arbeidarane på Alnor fører ein viktig kamp for eit rettvist krav. Mot seg har dei ein mektig fiende. Norsk Hydro er det største industrikonsernet i Norge. Kven står bak Hydro? Fyrst og framst staten med over 50% av aksjene. (g.i styret sit LO-formann Tor Aspengren. Arbeidarane sin, øverste tillitsmann sit altså i fienden sin leir! Kan denne mannen gje streiken heilhjarta støtte? Aldri!

LO, NAF og staten prøver ved hjelp av kombioppgjer å gjennomføra at dei frå toppen skal diktera lønsvilkåra for arbeidsfolk. NAF harsendt ut direktiv om inga lønsglidning. Kampen til Alnorarbeidarane skjører tvers gjennom dette angrepet. Dei forsvare rettten til lokale tingingar og til skikkeleg lønsauke.

Kjemisk er i denne saka den forlanga armen til LO-leiinga. Forbundsleiinga og det lokale tingingsutvalet i AKF syner seg gong på gong som svikarar av krava til Alnor-arbeidarane. I meklinga nå på sundag reduserte dei kravet på 8000 heilt ned til 2330 kr., eller 3,8%.

RIMELIG RETTVISE KRAV

Dei krav Alnorarbeidarane stilte på to medlemsmøte i haust er gløynde, sjøl om ikkje noko medlemsmøte har gitt forhandling-utvalet løyve til å gå med på grov reallønssnedgang. Nå byrjar det å bli klart kvifor tingingsutvalet var så oppsette på å halda krava hemmelege for folk utafor, og kvifor Hydro og rekta å seia noko. Krava til Alnor-arbeidarane var det minste dei måtte krevja for å dekkja prisstigning og få den reallønssauken regjeringa hadde lova:

- Grunnlønna: Opp 8000 frå 61000 til 69000
- Skifttillegg(5-skift): Opp 2600 frå 12000 til 14600
- Indeksregulering med 85% kompensasjon 15.6 kvart år

Alnor-arbeidarane står ovafor ein mektig fiende. Dei treng støtte. Kjemisk har gitt dei "støtte" ved m.a. å skjera ned krava frå 8000 til 2330. Foreningsstyret har gjort det dei kunne for ^{for} streikestøttekomiteane, som tidlegare har samla inn hundretusenvis av kroner til streikande arbeidarar. Denne støtta har foreningstyret nekta dei streikande.

FULL STØTTE TIL ALNORARBEIDARANE

OG R SOM SUNNDALSARBEIDARANE

Haugesund/Karmøy AKP(ml)